

# Vedlegg 2 Prosjektdeltakarar og prosjektgjennomføring

---

## Innhold:

Styringsgruppa.....	1
Prosjektgruppa .....	2
Referansegruppa .....	2
Følgjeforskingsgruppa .....	3
Arbeidsgrupper.....	3
Delutgreiingar (og saksframlegg) .....	7
Sekretariatet.....	9

## Styringsgruppa

Namn	Representerer	Stilling
Odd Søreide	Helse Vest RHF	Tidlegare fagdirektør i Helse Vest RHF, og tidlegare professor/overlege i kirurgi. Leiar av styringsgruppa
Jon Bolstad	Helse Førde HF	Administrerande direktør
Hans Johan Breidablik	Helse Førde HF	Fagdirektør
Tone Holvik	Vågsøy kommune	Kommunalsjef
Ørjan Raknes Forthun	Eid kommune	Rådmann
Guri Handeland	Vernetenesta	Føretakshovudverneombod
Wenche Røkenes	Tillitsvald	Føretakstillitsvald, Norsk sykepleierforbund
Gerd Bjørkedal	Brukarrepresentant	

Prosjektleiar Anne Kristin Kleiven og sekretariatet møtte i styringsgruppa.

Styringsgruppa gjennomførte 11 møte i perioden desember 2011 til mars 2013. Eit av møta var telefonmøte, dei andre blei haldne på Nordfjordeid:

- 2. desember 2011
- 3. februar 2012
- 29. februar 2012 (telefon)
- 25. april 2012
- 7. juni 2012
- 29. august 2012
- 17. oktober 2012
- 28. november 2012
- 30. januar 2013
- 27. februar 2013
- 20. mars 2013

I samband med alle møta blei det arrangert informasjonsmøte for medarbeidarane på NSH. Møteinkallinger, sakspapir, sakspresentasjonar og protokollar har undervegs i arbeidet vore tilgjengeleg på [www.framtidaslokalsjukehus.no](http://www.framtidaslokalsjukehus.no).

## Prosjektgruppa

Namn	Representerer	Stilling
Anne Kristin Kleiven	Helse Førde HF	Utviklingsdirektør. Leiar av prosjektgruppa
Trond Aarre	Helse Førde HF	Avdelingssjef
Kari Krogh	Eid kommune	Kommunalsjef
Åse-Elin Hole	Selje kommune	Kommunalsjef
Elin Brekke Grinde Lise Karin Sørensen frå nov 12	Vernetenesta	Verneombod, Nordfjord sjukehus
Vigdis Hestad Smørdal	Tillitsvald	Tillitsvald, Nordfjord sjukehus (Fagforbundet)
Sissel Hafsås	Tillitsvald	Tillitsvald, Nordfjord psykiatrisenter (Norsk sykepleierforbund)
Sofrid Lillebø	Brukarrepresentant	
Hilde Rudlang	Helse Vest RHF	Seniorrådgivar

Prosjektgruppa fekk støtte av sekretariatet ved Kari Kjos, Deloitte fram til oktober 2012, deretter frå Lena Haveland, Helse Førde.

Prosjektgruppa har i hovudsak hatt månadlege møte, til saman 12 møte, i perioden desember 2012 til mars 2013. Alle møta blei haldne på Nordfjordeid, unntatt eitt som blei halde på Skei samtidig med seminar om telemedisin. Prosjektgruppa har drøfta framlegga frå arbeidsgrupper og delutgreiingar og i mange saker gitt ei tilråding til styringsgruppa. Referata frå møta har vore tilgjengelege på [www.framtidaslokalsjukehus.no](http://www.framtidaslokalsjukehus.no).

## Referansegruppa

Namn	Representerer	Stilling
Baard-Christian Schem	Helse Vest RHF	Fagdirektør, leiar av referansegruppa
Kristin Lossius Odd Bakken fram til juli 2012	Helse- og omsorgsdepartementet	Spesialrådgivar
Cecilie Daae	Helsedirektoratet	Divisjonsdirektør
Sigrid Askum	KS sentralt	Prosjektleiar
Allan Øvereng	Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling (SESAM), Helse Stavanger HF	Regional koordinator, poliklinikkleiar Alderspsykiatrisk poliklinikk
Einar Melvær Sandven	Eid kommune	Kommunelege, Eid
Jan Norum	Helse Nord RHF	Fagdirektør
Alice Beate Andersgaard	Helse Sør-Øst RHF	Fagdirektør
Daniel Haga (fram til januar 2013)	Helse Midt-Norge RHF	Direktør for samhandling
Nils Hermann Eriksson	Helse Midt-Norge RHF	Fagdirektør

Styringsgruppeleiар Odd Søreide, prosjektleiar Anne Kristin Kleiven og sekretariatet møtte i referansegruppa.

Referansegruppa har hatt seks møte i perioden frå januar 2012 til februar 2013. Møta blei samlokaliserte med det nasjonale fagdirektørmøtet, og halde på Gardermoen. Gruppa har bidratt til den nasjonale dimensjonen i prosjektet og vore eit idéforum. Møtereferat og presentasjonar har vore lagt ut på [www.framtidaslokalsjukehus.no](http://www.framtidaslokalsjukehus.no). Gruppa har i hovudsak drøfta følgjande tema og problemstillingar, der styringsgruppa har hatt behov for innspel:

- Modell for framtidas lokalsjukehustilbod for personar med rusmiddelrelaterte problem
- Pasientstraumanalyasar
- Regionaliseringsprinsippet

- Modell for skadepoliklinikk
- Spesialisthelsetenester til dei store pasientgruppene, inkl. rehabilitering – grenseoppgangen mellom oppgåvene til kommunane og spesialisthelsetenesta
- Omgrepet «anestesiberedskap»
- Helsedirektoratets prosjekt «Kompetanseområde akuttmedisin» (to gonger)
- Ny turnuslegeordning
- «Jobbglidning» - eit nyttig verkemiddel for utvikling av tenestene ved lokalsjukehusa?
- Dagkirurgisk verksemد ved lokalsjukehusa – kva for føresetnader må vere på plass?
- «Stadleg leiing» – utgreiing om ulike leiingsmodellar ved lokalsjukehus
- Slagbehandling i lokalsjukehus
- Psykisk helsevern: ansvars- og oppgåvedeling mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta (DPS) på akuttområdet.
- Grenseproblematikk – regionsgrenser
- Ambulering av helsepersonell – ein føresetnad for berekraftige lokalsjukehus. Korleis få til praktiske og handterbare løysingar?

## Følgjeforskningsgruppa

Namn	Representerer	Stilling
Olav Helge Førde	Universitetet i Tromsø	Professor. Leiar av følgjeforskningsgruppa
Hans Johan Breidablik	Helse Førde	Fagdirektør
Per Stensland	Fylkeslegen i Sogn og Fjordane	Fylkeslege
Torhild Heggstad	Helse Bergen	Spesialrådgivare
Jon Sverre Arnestad	Helse Førde, NSH	Overlege

Gruppa fekk bistand frå Regionalt kompetansesenter for klinisk forsking i Helse Vest, ved Sølvi Lerfald og frå sekretariatet for utviklingsprosjektet ved Helge Torgersen, Deloitte.

Følgjeforskningsgruppa starta opp arbeidet 12. desember 2011 med eit breitt tilrettelagt idéseminar i Nordfjordeid. Gruppa hadde eit første møte i etterkant av idéseminaret, seinare var det møte (enten fysisk eller via telefon) om lag ein gong i månaden.

Deloitte fekk hovudoppgåva med analysearbeidet på bakgrunnen av at dei allereie var engasjert i arbeidet med utviklingsprosjektet og hadde i den samanhengen tilgang til eit høveleg datamateriale. Eit mindre analysebidrag er ekstrahert frå Norsk Pasientregister (NPR) av Senter for Klinisk Dokumentasjon og Evaluering (SKDE), Helse-Nord.

Resultata frå arbeidet er omtalt i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet kapittel 3.3, og rapportane følgjer som vedlegg 4 og 5.

## Arbeidsgrupper

### Arbeidsgruppe – Framtidas lokalsjukehustilbod for personar med rusmiddelrelaterte problem i Nordfjord

Namn	Representerer	Stilling
Trond F. Aarre	Nordfjord psykiatrisenter	Avdelingssjef. Leiar og skriver for arbeidsgruppa
Ragnhild Holm	Nav Vågsøy	Leiar
Solfrid Lillebø	Regionalt brukarutval	
Berit Wetlesen	Stryn kommune	Helse- og sosialsjef
Jørgen Rolighed Bergset	Nordfjord psykiatrisenter	Spesialkonsulent

Rune Engeseth	Eid kommune	Kommunalsjef
Siv Olaug Emdal	FO	Tillitsvald

Styringsgruppa vedtok mandatet for gruppa i 2. desember 2011 (sak 05/11). Arbeidsgruppa hadde tre møte frå oppstart i slutten av desember 2011 til gruppa leverte sluttrapport i slutten av januar 2012. Leiaren for arbeidsgruppa presenterte det endelige framlegget i prosjektgruppa 26. januar 2012. I møte 3. februar 2012 slutta styringsgruppa seg til modellen for rustilbod skissert av gruppa (sak 09/12).

Resultata frå arbeidet er omtalt i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet kapittel 5.9 og arbeidsgrupperapporten følgjer som vedlegg 14.

### **Arbeidsgruppe - Pasientar med behov for akutt/rask bistand i samband med mindre alvorlege skader og hendingar (Skadepoliklinikk)**

Namn	Representerer	Stilling
Ilen Klaver (gruppeleiar)	NSH, Helse Førde	Avdelingssjukepleiar
Oddrun Rye	NSH, Helse Førde	Oversjukepleiar
Elin Brekke Grinde	NSH, Helse Førde	Verneombod AAM
Konrad Mader	Helse Førde	Overlege ortopedisk avdeling
Robert Brennersted	Helse Førde	Avdelingssjef AAM
Anne Stubdal	Helse Førde	Praksiskonsulent
Bjørn Morten Øen	Helse Førde	Avd.sjef ortopedisk avdeling
Trond Inselseth	Interkommunal legevakt, Vågsøy	Kommunelege
Hans Ole Hjelle	Delta, Nordfjord ambulanseområde	Tillitsvalt
Oddlaug Lyslo Vereide	Norsk Sjukepleiarforbund	Tillitsvalt
Kurt B. Andersen	Helse Bergen	Traumekoordinator
Jeanette Jensen	Vågsøy kommune	Konst. kommunalsjef/sjukepleiar
Sofrid Lillebø	Brukarrepresentant	

Gruppa fekk ekstern prosjektstøtte frå sekretariatet, ved Helge Torgersen og Maria Estenstad, Deloitte.

Styringsgruppa godkjende mandatet for arbeidsgruppa i 29. februar 2012. Arbeidsgruppa hadde fem møte i perioden mars til juni 2012. Styringsgruppa handsama forslag frå arbeidsgruppa første gong 7. juni 2012, og bad om ein del tilleggsopplysningar (sak 30/12).

I prosjektgruppa sitt møte 17. august 2012 presenterte arbeidsgruppeleiaren svar på tilleggsspørsmåla frå styringsgruppa. Prosjektgruppa gjekk gjennom forslaga og stilte seg samla bak tilrådingane til styringsgruppa. I møte 29. august 2012 blei det endelige framlegget frå arbeidsgruppa tilrådd av styringsgruppa (sak 42/12).

Resultata frå arbeidet er omtalt i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet kapittel 5.4 og arbeidsgrupperapporten følgjer som vedlegg 11.

## Arbeidsgruppe – Eldre med samansette psykiske og fysiske utgreiings- og behandlingsbehov

Namn	Representerer	Stilling
Hildur Thingnes (leiar)	Helse Førde	Ass. seksjonsleiar, spesialsjukepleiar
Alice Vedvik	NPS, Helse Førde	Spesialsjukepleiar
Rune Nordpoll	NPS, Helse Førde	Konstituert overlege
Bodhild Nyhammer Bakke	NPS, Helse Førde	Tillitsvalt, Fag forbundet
Arnstein Ivesdal	NSH, Helse Førde	Konstituert avdelingssjukepleiar, medisinsk sengepost
Gerd Johannessen	NSH, Helse Førde	Verneombod
Maria Ljungløf	Helse Førde	Fysioterapeut, Lærings- og meistringssenteret
Audun Vik Mo	Helse Førde	Tillitsvalt, YLF
Åshild Bruland	Selje kommune	Avdelingsleiar
Marianne Salveson	Eid kommune	Avdelingsleiar
Allan Øvereng	SESAM, Stavanger	Regional koordinator SESAM
Åse Liv Lote	Brukarrepresentant	

Gruppa fekk ekstern prosjektstøtte frå Maria Estenstad, Deloitte.

Styringsgruppa godkjende mandatet for arbeidsgruppa i 29. februar 2012. Arbeidsgruppa hadde fem arbeidsgruppemøte i perioden april til september 2012. Eitt av møta var saman med arbeidsgruppa Pasientar med behov for langvarige og koordinerte somatiske tenester.

I tillegg til deltakarane i arbeidsgruppa har gruppa fått innspel frå Kari Krogh frå det interkommunale prosjektet rundt lokalmedisinske tenester. Det har ikkje vore fastlege med i arbeidsgruppa, då dette har vore utfordrande å skaffe.

I møte 4. oktober 2012 handsama prosjektgruppa sluttrapporten til arbeidsgruppa, og slutta seg til forslaget. Prosjektgruppa gav ei tilråding om implementeringsarbeidet, og denne blei innarbeidd i saksførelegget til styringsgruppa. I styringsgruppemøte 17. oktober 2012 fekk sakta tilslutning i styringsgruppa (sak 54/12).

Resultata frå arbeidet er omtalt i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet kapittel 5.7 og arbeidsgrupperapporten følgjer som vedlegg 12.

## Arbeidsgruppe - Pasientar med behov for langvarige og koordinerte somatiske tenester

Namn	Representerer	Stilling
Signe Nordvik (leiar)	Helse Førde	Avdelingssjef ANRR
Laila Haugland	NSH, Helse Førde	Sjukepleiar
Ruth Sissel Bjørhovde	NSH, Helse Førde	Fysioterapeut
Jon Sverre Arnestad	NSH, Helse Førde	Overlege medisin
Synnøve Aasebø	NSH, Helse Førde	NSF, medisinsk klinikkk??
Vigdis Hestad Smørdal	NSH, Helse Førde	Fag forbundet
Gerd Johannesen	NSH, Helse Førde	Verneombod
Stig Igland	Helse Førde	Avdelingsleiar, Lærings- og meistringssenteret
Vidar Roseth	Samhandlingssjef	Helse Førde
Sigridur Einarsdottir	Stryn kommune	Avdelingssjukepleiar
Rune Kalhagen <sup>1</sup>	Stryn kommune	Fastlege
Gerd Bjørkedal	Brukarrepresentant	

<sup>1</sup>Mark Persson deltok i første arbeidsgruppemøte. På grunn av permisjon fylte Rune Kalhagen rolla hans i resten av arbeidet.

Styringsgruppa godkjende mandatet for arbeidsgruppa 29. februar 2012. Arbeidsgruppa har hatt seks arbeidsgruppemøte i perioden april til september 2012. Eitt av møta var halde saman med arbeidsgruppa Eldre med samansette psykiske og fysiske utgreiings- og behandlingsbehov.

Gruppa har fått viktige innspel frå diabetessjukepleiar ved NSH, Magnhild Ravnestad, sjukepleiar ved FSS, Grete Grimelid, avdelingssjef medisinsk avdeling Helse Førde, Trine Vingsnes og representantar frå det interkommunale prosjektet rundt lokalmedisinske tenester. På grunn av anna arbeid i samband med utviklingsprosjektet har ikkje brukarrepresentanten hatt moglegheit til å delta i arbeidet.

I møte i prosjektgruppa 4. oktober 2012 blei forslaga frå arbeidsgruppa handsama, og prosjektgruppa slutta seg til forslaga. Prosjektgruppa gir ei tilråding om vidare arbeid m.a. for å sikre ei heilskapleg tilnærming for pasientar med fleire samtidige diagnosar. Dette blei innarbeidd i saksføreleget til styringsgruppa, som slutta seg til tilrådingane i møtet 17. oktober 2012 (55/12).

Resultata frå arbeidet er omtalt i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet kapittel 5.8 og arbeidsgrupperapporten følgjer som vedlegg 13.

### **Arbeidsgruppe – Vidareutvikling av psykisk helsevern – betre akutthjelp?**

<b>Namn</b>	<b>Representerer</b>	<b>Stilling</b>
Trond F. Aarre	Nordfjord psykiatrisenter	Avdelingssjef. Leiar og skrivar for arbeidsgruppa
Solfrid Lillebø	Brukarutvalet i Helse Førde	
Karin Mikalsen	Mental Helse Eid	
Jeanette Jensen	Vågsøy kommune	
Trond Inselseth	Nordfjord legevakt	
Siri Sandvik	Nordfjord BUP	
Bjørg Halnes Melheim	Verneombod Nordfjord psykiatrisenter	
Sissel Brit Hafsaas	tillitsvald, Norsk sykepleierforbund	
Arnstein Ivesdal (møtte ikkje)	Medisinsk seksjon, Nordfjord sjukhus	
May Kristin Sæther	Nordfjord psykiatrisenter	

Styringsgruppa godkjende mandatet for arbeidsgruppa 17. oktober 2012 (sak 57/12). Arbeidsgruppa hadde møte 13. desember 2012, og utkast til rapport blei send til deltarane til uttale og forankring. Endeleg rapport blei levert 12. februar 2013.

Styringsgruppa slutta seg til forslaga frå gruppa i møte 27. februar 2013 (sak 14/13).

Prosjektgruppa deltok i utarbeidinga av mandatet hausten 2012, og fekk orientering om status i arbeidet i møte 10. januar. Ferdigstillinga av arbeidet passa ikkje med møta i prosjektgruppa, og endeleg tilråding frå arbeidsgruppa blei derfor tatt opp i prosjektgruppa i møte 6. mars, i etterkant av behandlinga i styringsgruppa.

Resultata frå arbeidet er omtalt i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet kapittel 5.10 og arbeidsgrupperapporten følgjer som vedlegg 15.

## **Delutgreiingar (og saksframlegg)**

Det er utarbeidd ei rekke delutgreiingar som ligg til grunn for løysingane til utviklingsprosjektet. Tre av delutgreiingane er basert på arbeid i regi av Helse Førde<sup>1</sup>, andre er gjennomført av sekretariatet og nokre er bestilt frå Deloitte. Nokre av delutgreiingane har form av saksframlegg til styringsgruppa i utviklingsprosjektet.

Bakgrunnen for denne inndelinga er at det var avgrensa kapasitet til å bemanne mange arbeidsgrupper. Uansett arbeidsform har forslaga blitt behandla av prosjektgruppa og styringsgruppa i utviklingsprosjektet. Ei samla oversikt over korleis dei ulike delløysingane skulle utgreia, blei drøfta i styringsgruppa i telefonmøte 29. februar 2012 (sak 1) og 25. april 2012 (sak 17/12).

Her følgjer ei beskriving av korleis arbeidet med delutgreiingane blei gjennomført.

### **Delutgreiing (saksframlegg): Indremedisinske tenester: poliklinikk, dagbehandling og døgnbehandling ved NSH**

Emnet blei utgreia i Helse Førde sitt prosjekt «Ny medisinsk avdeling Helse Førde»<sup>2</sup>. Arbeidet blei leia av Trine Vingsnes, avdelingsleiar ved medisinsk avdeling i helseføretaket. I tillegg blei det gjennomført ein prosess i samarbeid med Helse Vest RHF og Helse Midt-Noreg RHF for gå gjennom planane for slagbehandling.

Arbeidet blei koordinert med utgreiinga av desentrale poliklinikkar (jf. nedanfor) og arbeidsgruppene «eldre med samansette psykiske og fysiske behov» og «pasientar med langvarige og koordinerte behov» (jf. ovanfor).

I styringsgruppemøtet 17. oktober 2012 blei planane for å vidareføre og styrke dei indremedisinske poliklinikkane og dagbehandlingstilbod ved medisinsk avdeling ved NSH lagt fram for styringsgruppa (sak 56/12).

Styringsgruppa handsama ei samla plan for det indremedisinske døgntilbodet ved NSH i møte 30. januar 2013 (sak 03/13). I saksframlegget blei forankringsprosessane omtalt.

Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 5.2 og 5.3 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og saksframlegga med vedlegg, følgjer som vedlegg 20 og 21.

### **Delutgreiing (saksframlegg): Desentrale poliklinikkar ved NSH**

I møte 29. februar 2012 blei styringsgruppa orientert om oppgåvebeskrivinga for arbeidet. Desentralisering av poliklinikkar blei utgreia i avdelingane i Helse Førde, og koordinert av Anne Ma Øvsthus, seniorrådgivar.

I møtet 25. april 2012 gav styringsgruppa ei presisering av mandatet/beskrivinga for delutgreiinga på bakgrunn av ei gjennomgang av sentrale og regionale føringer for kva for tenester som skal vere på Nordfjord sjukehus.

---

<sup>1</sup> Utgreiingsarbeidet i Helse Førde har vore ein del av omstillingssprosjekta i Helse Førde som er helseføretaket si gjennomføring av modell for somatisk spesialisthelsetenester i Helse Førde mot 2020, basert på tidlegare styrevedtak og føretaksmøte i Helse Førde og Helse Vest. Koordineringa mellom omstillingssprosjekta i Helse Førde og utviklingsprosjektet er nærmere omtalt i sluttrapporten i kap. 2.3.2 om organiseringa av arbeidet.

<sup>2</sup> Som var ein del av omstillingssprosjekta i Helse Førde.

Prosjektgruppa vurderte framlegget til nye og utvida desentrale spesialisthelsetenester ved Nordfjord sjukehus i møte 17. august 2012, og gav ei tilråding til implementering som blei innarbeidd i saksføreleget til styringsgruppa.

Ein samla plan for etablering av desentraliserte poliklinikkar ved NSH blei lagt fram for styringsgruppa i møte 29. august 2012, og styringsgruppa slutta seg til planane (sak 43/12).

Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 5.3 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og saksframlegget med vedlegg, følgjer som vedlegg 22.

### **Delutgreiing: Etablering av «God Start» i Nordfjord**

Framtidige svangerskaps-, følgjetenenester og fødselsomsorg for Nordfjord blei utgreia av ei arbeidsgruppe sett ned av Helse Førde, som del av omstillingss prosjekta i Helse Førde. I møte 29. februar 2012 blei styringsgruppa orientert om mandat/oppgåvebeskrivinga for utgreiinga.

Namn	Representerer	Stilling
Tom Guldhav	Helse Førde	avdelingssjef, leiar av arbeidsgruppa
Kjellaug Fredly	Helse Førde	ass.avdelingssjef
Linda Grotle Hauge	Helse Førde, NSH	seksjonsleiar
Aud Jekteberg Nordpoll		kommunejordmor
Anne Karin Andresen		kommunejordmor
Bente Espelund Eikås	tillitsvald DNJ	
Elin Stølen	verneombod	
Janita Skogeng	Helse Møre og Romsdal	
Idun Myklebust	Helse Møre og Romsdal	
Gerd Michaelsen	brukarrepresentant	

Framlegg frå gruppa blei handsama av styringsgruppa i utviklingsprosjektet i møte 7. juni 2012 (sak 28/12). Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 5.6 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og delutgreiinga følgjer som vedlegg 18.

### **Delutgreiing: Dagkirurgi ved lokalsjukehus. Nasjonale og lokale perspektiv**

Saka blei utgreia av Deloitte/sekretariatet til utviklingsprosjektet, og lagt fram for styringsgruppa 30. januar 2013 (sak 06/13). Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 5.3.1 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og delutgreiinga følgjer som vedlegg 16.

### **Delutgreiing: Anestesiberedskap ved lokalsjukehus. Nasjonale og lokale perspektiv**

Saka blei utgreia av Deloitte/sekretariatet til utviklingsprosjektet, og lagt fram for styringsgruppa 27. februar 2013 (sak 18/13). Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 6.3 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og delutgreiinga følgjer som vedlegg 17.

### **Saksframlegg: Kompetanseutvikling og jobbgliding**

Saka blei utgreia av sekretariatet til utviklingsprosjektet med bistand frå Helse Midt-Noreg RHF (i høve jobbgliding). Saka blei lagt fram for styringsgruppa 30. januar 2013 (sak 04/13). Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 8 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og saksframlegget følgjer som vedlegg 23.

### **Saksframlegg: Innføring av telemedisinske løysingar**

Saka blei utgreia av sekretariatet til utviklingsprosjektet med bistand frå Senter for telemedisin i Tromsø. Saka blei lagt fram for styringsgruppa 17. oktober 2012 (sak 58/12). Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 9 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og saksframlegget følgjer som vedlegg 24.

## **Saksframlegg: Akutt, traume – «raude responsar» i Nordfjord**

Kartlegginga blei utført av sekretariatet til utviklingsprosjektet med bistand frå Regionalt traumesenter i Helse Vest, og lagt fram for styringsgruppa 27. februar 2013 (sak 17/13). Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 3.3.7 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og saksframlegget følgjer som vedlegg 10.

## **Delutgreiing: Stadleg leiing**

Kartlegginga blei utført av Deloitte på oppdrag frå utviklingsprosjektet, og belyser ulike leiingsmodellar ved lokalsjukehus. Kartlegginga blei lagt fram for styringsgruppa 17. oktober 2012 (sak 59/12). Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 10 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og delutgreiinga følgjer som vedlegg 19.

## **Delutgreiing: Analyse av pasientstraumar og forbruksratar i Nordfjordregionen**

Analysen blei utført av Deloitte på oppdrag frå utviklingsprosjektet, og kartla pasientstraumar og bruk av somatiske spesialisthelsetenester i kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal, Stryn, Gloppen og Bremanger. Analysen har vore eit underlag for arbeidet i arbeidsgruppene og utgreiingane. Analysen blei lagt fram for styringsgruppa 3. februar 2012 (sak 11/12). Delutgreiinga inngjekk i faktagrunnlaget/følgjeforskinga til utviklingsprosjektet. Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 3.3.3. i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og delutgreiinga følgjer som vedlegg 6.

## **Delutgreiing: Tenestetilbodet ved NSH, FSS og Volda sjukehus**

Kartlegginga blei utført av Deloitte på oppdrag frå utviklingsprosjektet. Delutgreiinga inngjekk i faktagrunnlaget/ følgjeforskinga til utviklingsprosjektet. Kartlegginga blei lagt fram for styringsgruppa 3. februar 2012 (sak 11/12). Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 11 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og delutgreiinga følgjer som vedlegg 7.

## **Delutgreiing: Analyse av nøkkeltal for kommunane**

Analyse av nøkkeltal for kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal, Stryn, Gloppen og Bremanger blei utført av Deloitte på oppdrag frå utviklingsprosjektet. Delutgreiinga inngjekk i faktagrunnlaget/ følgjeforskinga til utviklingsprosjektet. Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 3.3.1 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og delutgreiinga følgjer som vedlegg 8.

## **Delutgreiing: Løysingar andre stader**

Utgreiinga blei utført av Deloitte på oppdrag frå utviklingsprosjektet, og er ei kartlegging som gir informasjon om ulike løysningar for lokalsjukehus fleire stader i landet. Kartlegginga har vore underlag og inspirasjon i arbeidet med å finne gode løysingar for Nordfjord sjukehus og for å bidra til å ta hand om den nasjonale dimensjonen i prosjektet. Utgreiinga blei lagt fram for styringsgruppa 25. april 2012 (sak 23/12). Resultata frå arbeidet er omtalt i kapittel 3.3.8 i sluttrapporten frå utviklingsprosjektet, og delutgreiinga følgjer som vedlegg 9.

## **Sekretariatet**

Sekretariatet for utviklingsprosjektet har bestått av:

- Hilde Rudlang, seniorrådgivar, Helse Vest RHF
- Helge Torgersen, Deloitte AS
- Kari Kjos, Deloitte AS, fram til oktober 2012
- Lena Haveland, Helse Førde HF, frå oktober 2012

Sekretariatet fekk bistand frå:

- Torill Kjøllesdal Kriken, seksjonsleiar, serviceseksjonen ved Nordfjord sjukehus
- Maria Estenstad, Deloitte AS

- Sigurd Rønningen, kommunikasjonsrådgivar, Helse Vest RHF, fram til august 2012
- Elisabeth Huse, kommunikasjonsrådgivar, Helse Vest RHF, frå august 2012 til januar 2013
- Bente Aae, kommunikasjonsdirektør, Helse Vest RHF, frå januar 2013